

Vedtatt av Odda kommunestyre 28.09.16 i OK-sak 068/16

Sist oppdatert 17.10.16 (ajourført mot vedtak)



Planstrategi 2016-2019

ODDA KOMMUNE



Planstrategi 2016-2019 – Odda kommune

Innleiing

Føremålet med planstrategien

Planstrategi er eit nytt verkty i plan- og bygningslova. Planstrategien bør omfatte ei drøfting av kommunen sine strategiske val for samfunnsutviklinga, som langsiktig bruk av areal, miljøutfordringar og sektorverksemdar. Den bør vidare omfatte ei vurdering av kommunen sitt samla planbehov i valperioden. I tillegg skal planstrategien omhandle ei særleg vurdering av om gjeldande kommuneplan, eller delar av denne, skal reviderast.

Planstrategi er ikkje ein plantype, men eit hjelpemiddel/verkty for å klargjere kva planoppgåver som bør prioriterast for å leggje til rette for ønska utvikling.

Planstrategien i Odda kommune er bygd opp på følgjande måte:

- Innleiing
- Skildring av overordna føringar for arbeidet
- Utviklingstrekk i Odda kommune
- Oversikt over gjeldande planar
- Opplisting av grunnlaget for prioriteringar
- Kort skildring av dei ulike planarbeida og behova for utarbeidingar/rulleringar
- Liste over prioriterte planarbeid med tidsbestemte mål om oppstart og prosess
- Liste over planar som skal innarbeidast i økonomiplanen.

Planstrategien i det kommunale plansystemet

Planstrategien skal rullerast innan eit år etter nytt kommunestyre er konstituert. Arbeidet skal leggje ei vegledande føring for kommunens planarbeid i valperioden.

Planstrategien i Odda kommune skal følgjast opp ein gong i året i Utviklingskomitéen. Dette vert gjort for å sikre politisk oppfølging og vurdering av framdrift i dei ulike planarbeida. Handsaminga må skje i god tid før den årlege budsjetthandsaminga.

Overordna føringar

Nasjonale føringar

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging, vedteke 12.05.2015, er lagt til grunn for strategien. Dei nasjonale forventningane omhandlar 3 større tema:

- Berekraftig areal- og samfunnsutvikling
- Attraktive og klimavenlege by- og tettstadsområde
- Gode og effektive planprosessar

Regional planstrategi

Regional planstrategi for Hordaland 2012-2016 vart vedteke av Fylkestinget 11.12.12. Dokumentet peiker på dei viktigaste utfordringane i Hordaland for perioden; skape vekst, handtere veksten, klima, kompetanse og bærekraft, samt kystsona og marine næringar.

I planstrategien blir det synt til fleire planarbeid som kan bli aktuelle for Odda kommune. Spesielt aktuell er "Utviklingsplan for indre deler av Hordaland".

Føremålet med å lage ein utviklingsplan for indre deler av Hordaland er å kaste lys over utviklingsmoglegheitene som ligg i regionen og snu den negative utviklinga av folketalet. Planen skal være en overgripande retningsgjevar for ulike tiltak som for eksempel: Flytt til Hardanger, Hardanger Næringsråds Regionale Næringsplan, Ungt entreprenørskap, Distribuert Næringshage, Samhandlingsreforma i Hardanger/ Voss, Tjenestesamarbeid i regionen, Samferdselsplan for Hardanger og RTP Hordaland, med meir.

Odda kommune har som mål å være ein aktiv samfunnsaktør i høve til regional planlegging og bør bidra i arbeidet med "Utviklingsplan for indre deler av Hordaland" i størst mogleg grad.

Hordaland fylkeskommune har vedteke oppstart av regional planstrategi 2016-2020. Førabels er det peikt på følgjande utfordringar som skal drøftast i sjølve strategiprosessen:

- relevant kompetanse
- grønt skifte i næringslivet
- effektiv og miljøvenleg transport og kommunikasjon
- eit inkluderande samfunn
- arealøkonomisering

Utviklingstrekk i Odda kommune

Folketalsutvikling

I 1965 var det 10 481 innbyggjarar i Odda kommune. Dette er det høgste talet i kommunen si historie. Befolkningsutviklinga har etter dette vore negativ, men dei siste åra har talet stabilisert seg like under 7 000. Det er 6930 innbyggjarar i kommunen (Statistikk i vest / Hordaland fylkeskommune, 2016)

Næring og sysselsetting

Odda kommune har gått frå å vere ein reiselivskommune før år 1900 til å bli ein industrikommune. Seinare har kommunen gått frå eit einseitig og tradisjonelt industrisamfunn til eit meir mangfaldig næringsliv med ulike tenester og produkt innanfor industri, kultur og reiseliv. Spesielt er subseanæringa veksande. Prosessindustrien er fortsatt sentral med Boliden AS og Tizir Titan & Iron i Tyssedal som hjørnesteinsbedrifter. Boliden produserer sink og aluminiumflorid ved fabrikk på Eitrheimsneset om lag 3 kilometer frå Odda sentrum og har 321 tilsette. Anlegget vart modernisert i 2004 og er kjent for å produsere sink av svært rein og høg kvalitet. Bedriften har planar om produksjonsutviding. Tizir er eit av fem ilmenittsmelteverk i verda og har fabrikk i Tyssedal. Ei større produksjonsutviding av anlegget er under planlegging. Odda kommune har ei stor auke i turisme dei seinare åra. Dette er knytt til vinterreiselivet i Røldal/Håradalen/Seljestad, men òg sommarturisme – særleg knytt til Trolltunga, Buerdalen, Hardangerfjorden og Folgefonna. Røldal er òg viktig i høve til somarturisme, som vertskap for Røldal stavkirke og innfallsport til Hardangervidda.

Infrastruktur

Odda sentrum ligg i enden av Sørfjorden der rv. 13 frå Hardangerbrua/Kinsarvik, fv. 550 frå Utne og fv. 551 frå Kvinnherad/Jondal møtes. Sør i kommunen går europaveg 134 mellom Haugesund og Drammen. Ein stor del av vegnettet i Oddadalen, langs Sørfjorden og i Brattlandsdalen er rasutsett. Hovudvegane fører òg til vesentleg trafikk gjennom Odda sentrum. Det er såleis store vegprosjekt under planlegging rundt Odda sentrum og i Oddadalen. For E134 føreligg det skisser om ny veglinje i tunell som vil føre trafikken utanom Røldal sentrum. Dei nye vegprosjekta vil gje store endringar for Oddasamfunnet.

Odda sentrum

Odda sentrum har format som ein konsentrert og liten bystruktur. Innbyggjartalet i byen Odda er like i overkant av 5000. Handelsverksemda ligg hovudsakleg konsentrert i aksa mellom Gågata (Røldalsvegen) og Eitrheimsvegen. I området rundt handelsområdet er det i dag ei blanding av bustadar, offentlege bygningar og parkeringsplassar, samt anna lettare næringsverksemd. Smelteverkstomta er sentral og disponerer ein betydeleg del av sentrum. Potensiell framtidig bruk av smelteverkstomta er

uklar, då mange bygningar er verna. Ein ny reguleringsplan for området vert vedteken i løpet av 2016. Det er tidligare gjennomført stadanalysar og andre utgreiningar i Odda sentrum.

Bygdene

Bygdene i Odda er Tyssedal, Skare og Røldal. Innbyggjartala er hhv. om lag 654, 500 og 499 innbyggjarar (Statistikk i Vest 2016). Dei tre bygdene er av svært ulik karakter. Tyssedal er ein historisk industristad som i dag opplever auka satsing ved hjørnesteinsbedrifta Tizir. Skare er eit mindre lokalsamfunn langs rv.13 i Oddadalen med skule, butikk og enkelte mindre verksemder. Røldal er ei fjellbygd med ei historisk sentral plassering mellom aust og vest. Europaveg 134 går i dag gjennom bygda. Røldal stavkirke er frå omkring år 1250 og er eit av dei viktigaste pilgrimsmåla i landet målt i antall vandrarar. Røldal og Håradalen skianlegg trekk eit stort antall skituristar på grunn av det gode anlegget, lang skisesong og stabilt stor snømengder.

Folkehelse

Folkehelselova §6 et krav om at oversikten over kommunen sine folkehelseutfordringer skal inngå som grunnlag for arbeidet med kommunenes planstrategi. Sjølv om det kommunale oversiktsdokumentet ikkje er vedteke enda, syner Hordaland Fylkeskommune sin Risikoindeks for folkehelse 2015 at Odda kommune har stor risiko for dårleg folkehelse. Dette er på grunn av høg andel uføretrygda i kommunen, høg snittalder i befolkninga, låg folkevekst, høg andel eineforsørgerar og forholdsvis høg andel personar mellom 30 – 39 år som har grunnskule som høgaste fullførte utdanningsnivå. Odda har og høg sosial ulikheit i helse, som betyr at dei med dårlegast utdanningsnivå har betydelig dårlegare helse enn dei med høgt utdanningsnivå.

Av positive faktorar kan ein nemne at Odda har (og har hatt) svært godt drikkevatt. I tillegg ser det ut som barn og unge i kommunen trives på skulen og på fritida. Kommunen har lite fråfall i vidaregåande skulen i forhold til landet og fylket. Mange er fysisk aktive og er medlem i ein fritidsorganisasjon. Vi har lite psykiske lidningar i den unge befolkninga, men ligg langt over landsgjennomsnittet når det gjeld dei over 30 år.

Oversiktsplan over folkehelse er under utarbeiding. Når denne er ferdigstilt vil den gje klårare anbefalingar i høve til kva planarbeid som bør prioriterast.

Gjeldande planar

Under følger ei oversikt over gjeldande planar som på eit tidspunkt skal rullerast.

Overordna planar

Budsjett / økonomiplan	Årleg rullering
Kommuneplan - samfunnsdelen	Rullert 06.02.2013
Strategisk næringsplan 2012-2016	Vedteken 20.06.2012
Klima- og energiplan 2010	Vedteken 2010
Beredskapsplan for tenesteområda	Årleg rullering
Kommuneplan - arealdelen	Rullert 18.12.2007

Planar knytt til fysisk arealbruk

Ei rekkje reguleringsplanar

Fagplanar innan Helse og sosial

Pleie- og omsorgsplan	Vedteken 2014
Rehabiliteringsplan	Rullert 20.11.2013
Plan for Psykisk helsearbeid 2007-2010	Vedteken 07.03.2007
Plan for rehabilitering og habilitering	Vedteken 2013
Ruspolitisk handlingsplan	Vedteken 2012
Smittevernplan/pandemiplan	Vedteken 25.06.2014

Fagplanar innan Tekniske tenester

Kommunedelplan for vannforsyning 2011-2022	Vedteken 22.06.2011
Kommunedelplan for energi og vassdrag	Vedteken 2008
Kommunedelplan for renovasjon 2012-2023	Vedteken 17.10.2012
Kommunedelplan for avløp 2011-2022	Vedteken 22.06.2011
Trafikksikkerhetsplan 2010-2014	Vedteken 11.11.2009
Vedlikehaldsplan kommunale bygg	Vedteken 2008
Vedlikehaldsplan kommunale vegar og gater	Datert 2008
Vedlikehaldsplan kommunale leike- og idrettsplassar	Datert 2008
Bustadsosial handlingsplan	Vedteken 2012
Arealplan kommunale bygg	Datert 2013
Bustadpolitisk handlingsplan	Vedteken 2013
Hovudinspeksjon kommunale bruer	Datert 2013
Beredskapsplan for vassforsyning	Vedteken 20.06.2007
Plan for brannberedskap og førebyggjande arbeid	Vedteken 07.09.2015
Risiko og sårbarheitsanalyse – Odda brannvesen	Vedteken 22.08.2006
Brannordning	Vedteken 22.08.2006
Landbruksplan for Odda/Hardanger	Vedteken 2005

Fagplanar innan Oppvekst

Barnehagebruksplan 2014-2019	Vedteken 2014
Kommundelplan for barn og ungdom 2010-2013	Vedteken 16.12.2009
Plan for overgang barnehage – skule	Revidert 18.02.2014
Barnehagebruksplan 2014-2019	Vedteken 2014
Skulebruksplan 2014-2020	Vedteken 2014
Strategiplan digitalisering barnehage og skole	Vedteken Nov 2014

Fagplanar innan Kultur og Idrett

Kommunedelplan for kulturminner 2013-2020	Vedteken 2012
Kommunedelplan for idrett, anleggsdelen	Årleg rullering
Kulturplan: Kultur som hjørnestein 2002-2010	Revidert 18.12.2007
Museumsplan for Røldal bygdemuseum	Vedteken 2007

Grunnlaget for prioriteringar

Under følger ei skildring av grunnlaget for prioriteringar i planstrategien.

Planbehovet innanfor den kommunale administrasjonen

I prosessen med å utarbeide planstrategien har einingsleiarane i den kommunale administrasjon spelt inn sine behov for utarbeiding av planar i kommunestyreperioden.

Politisk handsaming

Planstrategi 2016-2019 vart vedteken av Odda kommunestyre 28.09.16 i OK-sak 068/16 med følgjande ordlyd:

1. Odda kommunestyre vedtar framlegg til Planstrategi 2016 – 2019, datert 02.08.16
2. Planstrategien skal følgjast opp årleg i Utviklingskomiteen og i forkant av økonomiplanarbeidet til kommunen.
3. Boligsosial handlingsplan. Oppstart 2017. Innarbeiding i budsjett 2017

Utover endeleg vedtak i kommunestyret er justert planstrategi presentert i Utviklingskomiteén gjennom heile førre periode. Komiteen har hatt planstrategien oppe til handsaming 1-2 gonger i året etter eget ynskje.

Medverknad

Planstrategien er sendt på høyring til nabokommunar og regionale instansar, samt kunngjort på kommunen si heimeside.

Budsjett 2016 - økonomiplan 2016-2019

Budsjett 2016 og økonomiplan 2016-2019 vart handsama av kommunestyret 17.12.2015. Planstrategien sine prioritering av planar er vidareført til økonomiplandokumentet. Planstrategi 2016-2019 gjev viktige føringar for økonomiplanarbeidet hausten 2016.

Kommunale Målsettingar

Det er samfunnsdelen til kommuneplanen (revidert 2013) som listar opp målsettingar for utvikling av kommunen. Samfunnsdelen er eit omfattande dokument som syner til ei rekke målsettingar, fokusområde og aksjonar innanfor ulike tema og sektorar. Aksjonar er tillagt vekt i høve til prioritering av planarbeid. Under følgjer ei oppsummering av fanesaker, hovedmålsettingar og utvalde aksjoner som er relevante for utarbeiding av planar i kommunen. Samfunnsdelen sine målsettingar er å rekne som langsiktige areal- og utviklingsstrategiar.

Ressursar

Målsetting: *Odda har mange sterke sider, og derfor eit stort potensial for utvikling. Odda kommune har ressursar gjennom folk, areal og bygningar som kan få meir fart på kommunen og regionen, og skape aktivitetar for landsdelen og Noreg. Dette må vi syne og bruke.*

Aksjonar: Ingen

Kommunen som tenesteytar

Målsetting: *Odda kommune skal innenfor lov, tilgjengelige ressursar og lokale forutsetningar yte innbyggerne velferdstjenester og være en garantist for rettferdig fordeling av goder for kommunen sine innbyggere. Kommunen sine tjenester og omsorgstilbud skal så langt det går tilpasses den enkelte sine behov og ønsker. Tjenestene skal være lett tilgjengelige.*

Aksjonar: Ingen

Regionsenterutvikling

Målsetting: *Odda skal vere svært bevisst på rolla som regionsenter, og gjennom initiativ og engasjement vidareutvikle service-, handels-, kultur- og fritidstilbodet til nytte for innbyggerane i regionen.*

Aksjonar:

- Regionalplan for attraktive senter - jmf. Hordaland fylke sin plan for regionsenter.
- Legga til rette for Næring/industriklyster der det er gode vilkår for «knoppskyting.»
- Viktig å ha fokus på effektar av Jondalstunnelen og Hardangerbrua.

Byutvikling - det estetiske Odda

Målsetting: *Odda by skal bli meir attraktiv både estetisk og funksjonelt. Smelteverkstomta er det viktigaste verkemiddelet vårt for å komme vidare i arbeidet med å vidareutvikle kommunen og byen som ein meiningsfull arena for handel, næringsverksemd, offentlege tenester, fritidsaktivitetar inne og ute og kulturopplevingar. Bykjerna i Odda må bli eit heilskapleg sentrum der Smelteverkstomta er ein naturleg del. Dette oppnår ein best ved å skape aktivitetar i byromma, og ved å bygge ut og vidareutvikle bygg og anlegg. Estetikk, tryggleik og miljø skal danne grunnlag for den vidare utbygginga. Det fysiske og kulturelle miljøet skal være ivaretatt og tilgjengeleg for alle. Utvikling av Almerket bydel.*

Aksjonar:

- Laga ein handlingsplan for universell utforming av eksisterande kommunale bygg og uteareal.
- Gjennomføra planlagte opprustingstiltak i Eitrheimsvegen/strandpromenaden.
- Utvikla området langs Opo til å bli ein viktig del av sentrum.
- Prioritera heilskapleg byplanlegging.
- Oppgradering av sentrum i Odda.
- Utvikla sentrumsnær småbåthamn.
- 20% av nye parkeringsplassar skal ha vanlege ladepunkt for EL-bilar.
- Bygge ut ladepunkt for EL-bilar i takt med behovet.

Odda - byen i Hardanger og tettstadane Røldal, Skare og Tyssedal

Målsetting: *Vidareutvikle Odda by og tettstadane som gode stadar å leve og bu.*

- Aksjonar:
- Bustad og tomtepolitikken må settast i fokus for å legge til rette for forsvarleg bustadstandard med særleg vekt på unge i etableringsfasen og barnefamiliar.
 - Det skal til ei kvar tid vere tilgjengelege bustadtomter for etablerarar både i Odda og i grendene.
 - Lage stadanalyse for Røldal.
 - Legge til rette for nye bustadområder og tomter.
 - Vurdera omlegging av veg ved Håbru pga. vinterproblem.
 - Prioritera oppgradering av historiske bygg (eks. Tveita-haugen).
 - Planar for vidareutvikling av Hovdenområdet og turområdet langs Sandvinsvatnet.
 - Opparbeida turveg langs Opo.
 - Rydda opp i og utvida næringsarealet i kommunen.

Industri og næringsliv

Målsetting: *Odda skal vere eit regionalt senter for industri, handel, reiselivsopplevingar, kultur, service og kunnskapsnæringar. Smelteverkstomta er ein sentral arena i utviklinga av nye næringar. Vi skal også ha attraktive arbeidsplassar for folk med høgare utdanning. Eksisterande statlege arbeidsplassar blir tatt vare på. Odda skal i planperioden få ein større statleg arbeidsplass. Vår verdsléiande industri skal vere sikra langsiktige og føreseielege rammevilkår.*

- Aksjonar:
- Tilrettelegge nytt næringsareal i samsvar med Strategisk næringsplan, gjerne i samarbeid med andre kommunar.
 - Lage ein samla presentasjon av tilgjengelege næringsareal i kommunen for marknadsføring av desse.
 - Viktig med funksjonsblanding på same areal.
 - Arbeide for å utvikle eit variert næringsliv.
 - Laga plan for Liamyrane som næringsareal i samband med ny E-134.
 - Styrka Næringsshagen i Odda og i regionalt nettverk.
 - Tilby «ikkje stadbundne» firma og enkeltersonar kon- torfelleskap og sjansen til å delta i eit innovativt miljø. Odda skal tilby gode fasilitetar og mulegheiter for yrke der ein like godt kan arbeida i Odda som Oslo.

Reiselivssatsing

Målsetting: *Kommunen skal tene pengar på det reiselivet som det vert lagt til rette for. Turismen skal ha god kost/nytte-effekt. "Odda i Hardanger" skal igjen bli eit kjent reisemål i Europa. Odda – kommunen mellom Hardangervidda nasjonalpark og Følgefonna nasjonalpark skal utviklast til eit dynamisk regionalt handels- og servicesentrum. Den skal vere ein attraktiv aktivitets- og arrangementsstad både for lokalbefolkninga og besøkande. Det skal fokuserast både på historien, kulturminna og på framtida sine industri-, energi- og miljøløysingar.*

- Aksjonar:
- Bidra aktivt for å få til meir overnattingskapasitet i sentrum. Fortrinnsvis ved å få aktørar interessert i å bygga konferansehotell sentralt i Odda og marknadsføra dette potensialet.
 - Ny og betre skilting for informasjon om kommunen og attraksjonane.
 - Tilrettelegga eit tilbod for bubilar på smelteverkskaia på Almerket.
 - Legga til rette for utvikling av fyrtårnet Trolltunga.
 - Planar for oppgradering av Låtefossområdet i regi av Nasjonal turistveg.
 - Vurdera planar for turisthytte ved Floren.
 - Tilrettelegging i Skjeggedal. Utvikla tilbod for å halda på turistar:
 - overnattingstilbod
 - European Route of Industrial Heritage (ERIH).Styrka Næringsshagen i Odda og i regionalt nettverk.

Energi, vassdrag og klima

Målsetting: *Odda kommune har som målsetting:*

- Å legge til rette for ei miljøvenleg energiforvaltning.
- Å vere eit kompetansesenter innan vasskraft.
- Å arbeide for å bli ein stor offentleg krafteigar, evt. gjennom konsortium med andre kommunar og aktørar.

Aksjonar:

- Utarbeide ein forpliktande plan for iverksetjing av tiltak omtala i Klima- og energiplanen.
- Utarbeide og gjennomføre Enøk-tiltak i kommunale bygg etter ein revidert plan.
- Etablere anlegg for å tanke naturgass for bilar og båtar og tilrettelegge for ladestasjonar for el- og hybridbilar.
- Utnytte spillvarme frå industriverksemder.
- Vere aktiv i og målbevisst i revideringa av konsesjon for kraftverk i dei områda Odda kommune har slike rettar.

Barn og unge—oppvekstmiljøet

Målsetting: *Odda skal vere ein stad der det er godt å vakse opp for barn og ungdom. Barn og unge skal vere sikra gode kommunale tenester med utgangspunkt i full barnehagedekning, kvalitet i barnehagane og gode skuletilbod med fokus på læring ut frå den enkelte sine evner og føresetnader. Barn og unge skal ha tilgang på eit allsidig fritidstilbod, aktivitetar og opplevingar i nærmiljøet.*

Aksjonar:

- Oddaskulane skal vera i front på tilpassa opplæring.
- Odda skal vere i front når det gjeld å gje barn og unge naturkunnskap og naturglede.
- Skuleelevane i Odda skal ha sikre skuleveggar, slik at fleire elevane kan gå eller sykla til skulen.
- Barn og unge skal ha møteplassar i sine nærmiljø.
- Oppretthalda og marknadsføra «trygt heim»-ruter for ungdom.
- Prioritere gatelyst og gangfelt på strekningar der skuleborn skal gå eller sykla.

Folkehelse

Målsetting: *Folkehelsearbeidet skal bidra til at Odda blir ein trygg og triveleg kommune å bu i.*

Aksjonar:

- Folkehelse og påverknadsfaktorar i forhold til helse skal vera en del av konsekvensutgreiinga i all planlegging.
- Styrke og vidareutvikle samarbeidet om helsefremmande arbeid med frivillige lag og organisasjonar.
- Trafikksikring av vegane til skulane slik at fleire av elevane kan gå eller sykla til skulen.
- Etablere Frisklivs- og mestringssenter i Odda.
- Skap fleire gode sosiale møteplassar for alle.
- Gjere dei nære friområda våre meir tilgjengelege, attraktive og universelt tilrettelagde der mogleg.

Kultur som hjørnestein

Målsetting: *Odda skal fortsatt satse på kultur. Kulturtilbodet er viktig for dei som bur i Odda, og ikkje minst for barn og unge. Kultur er ein faktor som kan gjere Odda litt annleis og meir interessant for folk som ynskjer å busette seg eller legge næringsverksemda si hit. Kultur er viktig i utviklinga av Odda som regionsenter, der vi har ansvar for å komplettere nabokommunane med tilbod og aktivitetar. Utnytte potensialet vi har i høve til reiselivet og den aktive og kulturinteresserte turisten. Odda skal vidareutviklast som ein idrettskommune.*

Aksjonar:

- Styrke kulturtilbodet i planperioden der barn og unge er ei sentral målgruppe.
- Utvikle tilbod innan dans og teater.
- Ta vare på og vidareutvikle idretts- og badeanlegga gjennom Campus, der barn og unge er viktige brukargrupper.
- Arbeide for oppretting av galleritilbod i Odda sentrum.
- Arbeide for oppretting av eit idrettsmuseum i Odda.
- Legga til rette for vidareutvikling av Litteratursymposiet og Litteraturhuset.
- Legga til rette for vidareutvikling av Blueshelga.
- Legga til rette for vidareutvikling av idrettstilbodet i Odda kommune.

Samferdsel

- Målsetting: *Eit heilt og samanhengande transportsystem med fullgod standard er avgjerande for vidareutvikling i Odda og Hardangerregionen.*
- Aksjonar:
- Oddapakken, Tyssedal/Eitrheim – Jøsendal, som inkluderer gjennomgangstrafikken i sentrum, ras-sikring, plan over rasteplassar, gang- og sykkelstiar.
 - Tilrettelegge for rasteplassar i heile kommunen.
 - Tilrettelegge for bubilcamp i sentrum.
 - Arbeida for fortsatt opne tunnelar Seljestad – Håradalen som del av Rv13 etter opning av ny E134 Korlevoll – Liamyrane.
 - Oppgradere strekningane Odda – Jondal – Bergen til riksveg-/stamvegstatus.
 - Bruforbindelse Belsnes – Ljones.
 - Støtte indre alternativ for E39 og snarveg Eike-landsosen – Strandebarm.
 - Auka satsing på nye gang- og sykkelveggar.
 - Styrke kulturminnet Gamlevegen over Røldalsfjel-let.
 - Påverke staten si satsing på turistveggar.
 - Satse på vegselskap for utvikling av dei prioriterte gjennomfartsårene våre, som t.d. Haukelivegen AS og Hardangervegen AS, jmf. arbeidet med Folgefonn- og Jondalstunnelen.
 - Planlegging av nytt kryss på Liamyrane i samband med ny E134.

Infrastruktur - veg, VAR, el og tele

- Målsetting: *- Sikkert drikkevatt.
- Godt vassmiljø.
- Årsgebyr innan VAR skal vera lavare eller lik landsgjennomsnittet.
- Tilfredsstillande vedlikehald av kommunale veggar.
- God koordinering mellom veg- og leidningsetatane.
- Godt vedlikehaldne samleplassar med plass for kjeldesortering.*
- Aksjonar:
- Videreføra Asfalteringsprogrammet.
 - Utarbeida Program for vedlikehald av bruer.
 - Bygga ut Nye VA- leidningar Løyning hytteområde, Hesjabakk/Korlevoll og nye bustadområder.
 - Nytt vasshandsamingsanlegg på Seljestad.
 - Plan for overvasshandtering i kommunen.
 - Nye avløpsrensaneanlegg på Holmen og Hildal.
 - Overvåkingsprogram av ferskvassforekomstar og Sørfjorden i samsvar med vassforskrifta.
 - Utredda parkeringsordning for Odda sentrum og p-plasser i tilknytning til friområder.

Samfunnssikkerheit og beredskap

- Målsetting: *Odda kommune vil gjennom planlegging og øvingar vidareutvikla samfunnsberedskapen for å trygga lokalsamfunnet ved uønska hendingar.*
- Aksjonar:
- Utarbeide/oppgradere overordna ROS-analyse.
 - Utarbeide beredskapsplanar for alle kommunale tenesteområde basert på ROS-analyse.
 - Involvere frivillige organisasjonar i beredskapsplanar og i Beredskapsrådet.
 - Utarbeide oppdaterte planar i samband med rassikring.

Kommuneplan - Arealdel

- Målsetting: *Odda kommune skal gjennom overordna og helheitleg arealplanlegging sikre at areal og naturressursar vert forvalta på ein bærekraftig måte.*
- Aksjonar:
- Revidere kommunen sin arealplan i samsvar med ny samfunnsdel i kommuneplanen.
 - Vere aktiv i samarbeid med private interessentar.
 - Vere aktiv i samarbeid med statlege og fylkeskommunale plannivå.

Vurdering av planar i perioden

Under følgjer ei kort vurdering av eksisterande planar, samt planarbeid det er ynskje om i kommunestyreperioden. Til grunn for vurderinga ligg føringar i kommuneplanens samfunnsdel, økonomiplanen og sektorane sitt planbehov.

Overordna planar

Økonomiplan og Beredskapsplan for tenesteområda vert rullert årleg og er ikkje vidare kommentert.

Samfunnsdelen til kommuneplanen vart vedteke 06.02.13. Dette er eit omfattande og grundig dokument som legg føringane for planstrategien sine disponeringar. Planen skal evaluerast kvart fjerde år ved ny kommunestyreperiode. Rådmannen vurderer samfunnsdelen som eit gyldig og aktuelt strategidokument som det ikkje er behov for å rullere i perioden 2016-2019.

Strategisk næringsplan gjeld frå 2012 til 2016. Planen vert aktivt nytta i kommunen sitt næringsarbeid og handlingsprogrammet vert rullert årleg. Rullering av tekstdel skal skje i 2016. Dette vert handtert gjennom interne ressursar/næringsmedarbeidar. Det er eit sterkt administrativt ynskje om digitalisering av planen slik at den vert «klikkbare» og meir tilgjengeleg/lesbar. Dette vil krevje eksterne ressursar og ein spelar inn eit økonomisk behov på kr. 50.000 til budsjetthandsaminga for 2017.

Klima- og energiplanen vart vedteke i 2010 og ein ser ikkje behov for rullering av denne i perioden.

Overordna ROS-vurdering er ikkje gjennomført i Odda kommune. Oppstart av arbeidet var i 2014 og prosessen har vore noko på vent på grunn av manglande fagressursar og spesielle hendingar. Teknisk sjef er prosjektleiar for arbeidet.

IKT-strategiplan er under utarbeiding. Det vert nytta interne driftsressursar i arbeidet.

Arkivplan er under utarbeiding. Det vert nytta interne driftsressursar i arbeidet. und

Plan for universell utforming er under arbeid. Det er sett ned ressursgruppe som vert leia av folkehelsekoordinator/rådgjevar for menneske med nedsett funksjonshemnde. Arbeidet vert løyst med interne ressursar.

Arealdelen til kommuneplanen vart vedteke 18.12.2007. For å gjennomføre målsettinga som framgår av kommuneplanens samfunnsdel er det naudsynt å gjennomføre ei full rullering av arealdelen. Fleire av dei temavise aksjonane som framgår av samfunnsdelen avhenger av at kommuneplanens arealdel vert rullert. Dette vil òg bidra til å redusere behovet for dispensasjonar og reguleringsplaner som er i strid med overordna plan. Rulleringsprosessen vart starta i 2014, men har sakte framdrift på grunn av manglande interne ressursar i kommunen.

Kommunale planar knytt til fysisk arealbruk

Reguleringsendring av Almerket Nord er viktig for å sikre ein fleksibel arealbruk som mellom anna kan gjere området attraktivt for etablering av hotell, samt sikre dei offentlege interessene i området. Det skal arbeidast med planen i 2016 og det er sett av ressursar.

Områdeplan for Røldal er viktig med omsyn til utviklinga av bygda. Det er i dag ikkje noko klart definert sentrum i Røldal og ein områdeplan vil kunne styre utviklinga i ei retning som er ynskjeleg. Utarbeiding av områdeplan for Røldal vart tildelt kr. 350 000 frå konsesjonsavgiftsfondet i OK-sak 050/15. Konsulent arbeider med planen. Mogleg krav om konsekvensutgreiing kan føre til behov for innkjøp av fleire konsulenttimar. Det er foreslått ein fast årleg overføring til reguleringsplanarbeid for å sikre framdrift i dei mange prosessane.

Eitrheim Vest er eit område der kommunen har behov for å ha tilgjengeleg næringsareal. Ein ser føre seg å utarbeide ein detaljreguleringsplan for området i 2016/2017. Det er sett av ressursar.

Smelteverkstomta / sentrum. Det er starta opp områderegulering av Smelteverkstomta i tråd med mulighetsstudien for området. Utarbeiding av planen vart tildelt kr. 800 000 frå konsesjonsavgiftsfondet i OK-sak 050/15. Konsulent arbeider med planen saman med Odda kommune. Forventa slutthandsaming august 2016.

Reguleringsendring ny Skare barnehage. Kommunestyret har fatta vedtak om plassering av ny barnehage i Skare. Utarbeiding av reguleringsendring for ny Skare barnehage vart tildelt kr. 350 000 frå konsesjonsavgiftsfondet i OK-sak 050/15. Konsulent jobbar med planen.

Plan for parkering Seljestad. Seljestad har over 100.000 dagsturistar per år. Infrastrukturen i området er mangelfull i høve til denne mengda besøkande. Kommunestyret bestilte plan for parkering til den aukande turiststrømmen til Seljestad i kommunestyremøte 29.01.2014. Det er ikkje ressursar til arbeidet. Situasjonen vil bli vurdert som ein del av innføring av parkeringsavgifter i Odda kommune, samt gjennom Statens vegvesen sitt prosjekt for ny tunnel mellom Hesjabakk og Liamyrane.

Detaljreguleringsplanar Smelteverkstomta. Områdereguleringsplan for Smelteverkstomta-sentrum set krav om utarbeiding av detaljreguleringsplanar for fleire delområder. For å sikre tilgjengeleg areal til bustadar og næring i sentrum vil det vere viktig å prioritere slikt arbeid. Planprosessane vil krevje noko innkjøp på grunn av manglande spesialkompetanse på mellom anna forureining, støy og 3D-modelering. Det er foreslått ein fast årleg overføring til reguleringsplanarbeid for å sikre framdrift i dei mange prosessane.

Oppdatering av eldre reguleringsplanar. Odda kommune har over 100 reguleringsplanar etter gammalt lovverk. Desse er gjeldande, men i stor grad utdaterte og dårlege politiske styringsverktøy. Det fører òg til unødig mange nabokonflikter og klager på byggesaksvedtak. Det er eit administrativt ynskje at ein får frigjort ressursar til å ta dei viktigaste planane opp til vurdering og ny politisk handsaming. Det er foreslått ein fast årleg overføring til reguleringsplanarbeid for å sikre framdrift i dei mange prosessane.

Detaljreguleringsplan for Eitrheimsvegen ved Egne Hjem. Det er behov for å regulerer «knipet» i veggen ved Egne Hjem. Dette er eit utsett trafikkområde, med dårleg tilbod til mjuke trafikkantar.

Fagplanar innan Helse og sosial

Plan for Pleie- og omsorgstenester vart sist vedteken i 2014.

Plan for rehabilitering og habilitering vart rullert i 2013. Det er ikkje behov for ny rullering i perioden.

Plan for Psykisk helsearbeid vart vedteke i 2007 og skulle gjelde for ein periode på tre år frå dette. Rullering vart starta i 2012, men har stoppa opp. Ein må vurdere om arbeidet skal samkjørast med rusplanen.

Ruspolitisk handlingsplan vart vedteke i 2012. Planen vert revidert i forbindelse med løyving frå kommunestyre i 2016.

Helse- og sosialberedskapsplan/atomberedskap er starta opp i 2013. Prosessen er stoppa inntil ein har fått på plass overordna ROS analyse for Odda kommune.

Smittevernplan/pandemiplan vart vedteken i 2014. Ikkje behov for rullering i perioden.

Bustadsosial handlingsplan vart vedteken i 2012. Det er behov for revidering, spesielt med omsyn til flyktningssituasjonen. I tråd med kommunestyret si handsaming av planstrategien vart det vedteke at planen skal rullerast i 2017. Finansiering frå driftsbudsjettet.

Oversiktsplan over folkehelse. Gjennom «forskrift om oversikt over folkehelsen» er kommunen pålagt å lage eit oversiktsdokument over folkehelsen. Oversiktsdokumentet skal utarbeidast / reviderast kvart fjerde år og skal brukast som grunnlag for revidering av kommunedelplanen. Dokumentet skal og oversendast fylkeskommunen for uttale i august 2016.

Fagplanar innan Tekniske tenester

Tekniske tenester har fire kommunedelplanar i tillegg til ei rekke fagplanar der ein ikkje ser behov for rullering i perioden. Opplisting av desse framgår av lista over prioriterte planarbeid (siste side).

Vedlikehaldsplan for kommunale bygg er utdatert og har behov for rullering. Arbeidet skal startast i 2017 og vert løyst med interne ressursar på Bygg og Eiendom.

Hovudplan veg. Etter omorganisering på teknisk er det behov for utarbeiding av ein vegplan for å sikre effektiv arbeidsflyt og riktig prioritering av arbeidet på avdeling samferdsel. Planarbeidet er starta opp i 2016. Finansiering vart gjort over driftsbudsjett for prosjekt vegvedlikehold/asfalt. Planen erstattar «Vedlikehaldsplan for kommunale vegar og gater» frå 2008.

Hovudplan park og idrett. Etter omorganisering på teknisk er det behov for utarbeiding av ein park- og idrettsplan for å sikre effektiv arbeidsflyt og riktig prioritering av arbeidet på avdeling bydrift. Planarbeidet er starta opp i 2016. Finansiering vart gjort over driftsbudsjett for prosjekt leikeplass/nærmiljøtiltak. Planen erstattar «vedlikehaldsplan kommunale leike- og idrettsplasser» frå 2008.

Trafikksikringsplanen for Odda kommune vart vedteken i 2010 og gjeld til 2014. Denne skal reviderast. Revisjonen er viktig og etterlyst av Statens vegvesen. Ein har ikkje kapasitet til å utarbeide planen med interne ressursar. Det er søkt om midlar frå Hordaland fylkeskommune til deler av arbeidet. I tillegg vert det spelt inn eit økonomisk behov på kr. 200.000 til budsjetthandsaminga for 2017.

Plan for trafikkløysingar i Odda sentrum er teke inn i planstrategien etter offentlig ettersyn ved førre rullering av planstrategien. Statens vegvesen peika i førre høyringsrunde på behovet for å vurdere samanhengande gang- og sykkelveggar i Odda by. Dette vil vere eit av fleire tema som planen skal omhandle. Dei pågåande planane knytt til dei omliggande fylkes- og riksvegane vil få betydning for arbeidet. Arbeidet er i stillstand pga. ressursmangel. Det kan vere aktuelt å ta inn dette planarbeidet i trafikksikringsplanen.

Kommunedelplan for energi og vassdrag framstår som noko utdatert i høve til dei politiske målsettingane i kommunen. Det vert ikkje prioritert å rullerer planen i denne perioden.

Beredskapsplan for vassforsyning vart vedteken 20.06.2007. Her er det behov for revisjon i tråd med endringar og ny rettleiar. Rullering starta 2016 innanfor sjølvkostområde VAR.

Skredsikringsplan. Det er behov for utarbeiding av skredsikringsplan for kommunen. Skredhendingar er både ein økonomisk belastning og ein fare for liv og helse. Planen skal identifisere, rangere og gje eit kostnadsoverslag over naudsynte kartleggingar og tiltak. Det er administrativt ynskje om at arbeidet skal startast i 2017. Det vert såleis spelt inn eit økonomisk behov på kr. 300.000 til budsjetthandsaminga for 2017 og 200.000 for 2018.

Flomfareplan. Flaumen 2014 synte tydeleg at kommunen ikkje har hatt tilstrekkeleg fokus på flaumsonkartlegging. NVE vil produsere flaumkart for Opo, men oppstraums Vasstun bru vil ein ikkje ha tilstrekkeleg kartlegging av konsekvensar ved framtidige flaumhendingar. Det same gjeld for andre, større vassdrag i kommunen. Det er såleis eit stort behov for å få gjennomført ei omfattande flaumsonkartlegging av dei mest utsatt vassdraga i kommunen. På grunn av mangel på administrative ressursar kan ein ikkje rekne med å starte arbeidet før i 2018. Utarbeidinga av planen vil til dels krevje innkjøp av spesialkompetanse. Det vert såleis spelt inn eit økonomisk behov på kr. 500.000 til budsjetthandsaminga for 2017 og 500.000 for 2019.

Plan for overvatn. Det er behov for utarbeiding av plan for overvatn i kommunen. Overvatn fører årleg til skader og store kommunale utgifter. Kartlegging og tiltaksdel på sårbare punkt kan redusere dett. Det er administrativt ynskje om at arbeidet skal startast i 2017. Sjølvkostområde VAR.

Plan for brannberedskap og førebyggjande arbeid vert rullert årleg.

Risiko- og sårbarheitsanalyse for Odda brannvesen bør reviderast. Ein avventer overordna ROS-analyse.

Brannordning bør reviderast. Ein avventer overordna ROS-analyse.

Landbruksplan for Odda/Hardanger er frå 2005. Planen bør rullerast av felles landbrukskontor, men ein vurderer ikkje det som realistisk på kort sikt.

Sti- og løypeplan. Det er behov for ein sti- og løypeplan for kommunen, då ein har eit attraktivt løypenett og store friluftsområder som er i bruk og to nasjonalpargar. Ein vil gjennom kommuneplanens arealdel kartlegge dei mest verdifulle friluftsområda i kommunen. Sti- og løypeplan bør utarbeidast i etterkant av dette.

Fagplanar innan Oppvekst

Kommunedeleplan for barn og ungdom vart vedteke i 2010. Innhaldet vart teke inn og vidareført i kommuneplanen sin samfunnsdel i 2013. Det er såleis ikkje behov for ytterlegare arbeid før samfunnsdelen skal reviderast.

Skulebruksplan. Skulebruksplan 2014-2020 er under revidering. Skal handsamast i 2016.

Barnehagebruksplan. Barnehagebruksplan 2014-2019 har ikkje behov for rullering. Det har vore politiske enkeltsaker knytt til barnehagestruktur og investeringar uavhengig av planen.

Plan for overgang barnehage-skule vart vedteke sist i driftskomiteen 18.02.14 og har ikkje behov for revidering.

Plan for tilsyn med barnehagar er under revisjon.

Smart læring. Digitaliseringsstrategi for skole og barnehage gjelder for perioden 2014-2018. Ikkje behov for revidering tidleg i kommande periode.

Integreringsplan for flyktningar. Arbeidet med planen er starta og forventa politisk handsaming vert til hausten 2016.

Fagplanar innan Kultur og idrett

Kultur som hjørnestein er ein overordna kulturplan som sist var rullert i 2007. Det er ikkje påtrengande behov for å rullere planen.

Kommunedelplan for kulturminner er godkjent i 2012. Planen skal rullerast av byantikvaren i 2016-2017. Ein har motteke midlar frå Hordaland fylkeskommune til dette arbeidet. Tiltaksdelen skal jfr. planen reviderast kvart år med omsyn til gjennomføring og økonomi.

Kommunedelplan for idrett - anleggsdelen må rullerast årleg av omsyn til tippemidlar frå Norsk Tipping.

Museumsplan for Røldal bygdemuseum vart vedteken i 2007. Frå administrasjonen er det ynskje om at tiltaksdelen skal reviderast. Det er ikkje kapasitet til dette i perioden.

Plan for kulturbygg. Det er behov for ein ny plan som tek stilling til langsiktig bruk av kommunale kulturbygg. Dette vert i første omgang lagt opp som ei sak til driftskomiteen i 2016.

Planarbeid i perioden 2016-2019

Merknad	Oppstart og prosess				Status Juni-16	Ressursar / finansiering
	2016	2017	2018	2019		
Overordna planar						
Budsjett / økonomiplan	Årleg	x	x	x	x	Ok
Kommuneplan - samfunnsdelen	Gyldig og aktuell for perioden					Ok
Strategisk næringsplan	Rullering 2016 – digitalisering 2017	x				Pågår
Klima- og energiplan 2010	Ikkje behov for revisjon					Ok
Beredskapsplan for tenesteområda	Årleg rullering	x	x	x	x	Ok
Overordna ROS-vurdering	Starta opp 2014					Pågår
IKT-strategiplan	Under arbeid					Pågår
Oversiktsplan over folkehelse	Arbeid er starta 2016	x				Pågår
Arkivplan	Under arbeid					Pågår
Plan for universell utforming	Under arbeid	x				Pågår
Kommuneplan – arealdelen	Planprogram vedteke					Pågår
Planar knytt til fysisk arealbruk						
Reguleringsendring for Almerket nord	Under arbeid					Pågår
Områdeplan Røldal	Starta opp 2014					Pågår
Detaljreguleringsplan Eitrheim Vest	Startar opp 2016	x				Pågår
Områdereg.plan Smelteverkstomta - Sentrum	Skal vedtakast 2016					Pågår
Reguleringsendring Ny Skare Barnehage	Skal vedtakast 2016					Pågår
Detaljreguleringsplanar Smelteverkstomta	Skal startast 2017		x			Behov
Oppdatering av eldre reguleringsplanar	Skal startast 2017		x			Behov
Detaljreguleringsplan for Eitrheimsvegen ved Egne Hjem.	Skal startast 2018			x		Behov
Fagplanar innan Helse og sosial						
Pleie og omsorgsplan	Vedteken 2014					Ok
Plan for rehabilitering og habilitering 2013	Ikkje behov for revisjon i perioden					Ok
Plan for Psykisk helsearbeid 2007-2010	Skal rullerast i 2016	x				Behov
Ruspolitisk handlingsplan	Revisjon ved nytt kommunestyre					Pågår
Helse- og sosialberedskapsplan/atomberedskap	Avventer overordna ROS-analyse					Pågår
Smittevernplan/pandemiplan	Vedteken 2014					OK
Bustadsosial handlingsplan	Behov, rullering i 2017 jf. OK-vedtak		x			Behov
Fagplanar innan Tekniske tenester						
Kommunedelplan for energi og vassdrag	Utdatert, ikkje kapasitet til rullering					Behov
Kommunedelplan for vannforsyning 2011-2022	Ikkje behov for revisjon i perioden					Ok
Kommunedelplan for renovasjon 2012-2023	Ikkje behov for revisjon i perioden					Ok
Kommunedelplan for avløp 2011-2022	Ikkje behov for revisjon i perioden					Ok
Trafikksikkerheitsplan	Skal starte revidering i 2017		x			Behov
Vedlikehaldsplan kommunale bygg	Skal reviderast i 2017-2018		x			Behov
Hovudplan park og idrett	Starta utarbeiding i 2016	x				Pågår
Hovudplan veg	Starta revisjon i 2016	x				Pågår
Arealplan kommunale bygg	Ikkje behov for revisjon i perioden					Ok
Bustadpolitisk handlingsplan	Ikkje behov for revisjon i perioden					Ok
Beredskapsplan for vassforsyning	Starta revisjon i 2016	x				Pågår
Plan for overvatn	Skal etablerast i 2017		x			Behov
Skredsikringsplan	Skal etablerast i 2017		x			Behov
Flomfareplan	Skal startast opp 2018			x		Behov
Plan for brannberedskap og førebyggjande arbeid	Årleg rullering	x	x	x	x	OK
Risiko- og sårbarheitsanalyse for Odda brannvesen	Avventer overordna ROS-analyse			x		Behov
Brannordning – Odda brannvesen	Avventer overordna ROS-analyse			x		Behov
Landbruksplan for Odda/Hardanger	Rullering vert ikkje prioritert					Behov
Sti- og løypeplan	Avventer kartlegging av friluftsomr.					Behov
Fagplanar innan Oppvekst						
Skulebruksplan	Endring/rullering pågår					Pågår
Strategiplan digitalisering barnehage og skole	Vedteken 2014					Ok
Plan for Overgang barnehage-skule	Revidert februar 2014					Ok
Plan for tilsyn med barnehagar	Arbeid er starta					Pågår
Barnehagebruksplan	Vedteken 2014					Ok
Integreringsplan for flyktningar	Arbeidet er starta					Pågår
Fagplanar innan Kultur og Idrett						
Kommunedelplan for kulturminner 2013-2020	Revisjon 16/17. Årleg rev. tiltaksdel.	x	x	x	x	Pågår
Plan for idrett, anleggsdelen	Årleg rullering	x	x	x	x	Ok
Kulturplan: Kultur som hjørnestein 2002-2010	Ikkje behov i perioden					Ok
Museumsplan for Røldal bygdemuseum	Behov, ikkje kapasitet i perioden					Behov
Plan for kulturbygg	Sak til driftskomite 2016	x				Pågår

Planar som krev finansiering

Planane under er forslått utarbeida/rullert med bidrag i ressursar som må avsetast i økonomiplanen 2017-2021. Kostnadane er anslag og vil bli lagt inn i rådmannen sitt forslag til budsjett.

		Innspel til økonomiplan		
		2017	2018	2019
Overordna planar				
Strategisk næringsplan	Digitalisering/tilgjengeleggjering	50.000,-		
Planar knytt til fysisk arealbruk				
Innkjøp av spesialkompetanse og rapportar til pågåande planprosessar	Løyvinga bør årleg fordelast på arealplanar som vert prioritert politisk i planstrategien	500.000,-	500.000,-	500.000,-
Fagplanar innan Tekniske tenester				
Trafikksikkerheitsplan	Revidering 2017-2018	200.000,-		
Skredsikringsplan	Skal startast opp 2017	300.000,-	200.000,-	
Flomfareplan	Skal startast opp 2018		500.000,-	500.000,-
Fagplanar innan Helse og Sosial				
Bustadsosial handlingsplan	Revidering 2017, jf. OK-vedtak	Må avklarast		